



Helge H. Rikstad
Rossnesvn. 15
5937 BØVÅGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

13/213-7/ 13/10750/22/1/KFL

Dato:

Manger: 23.10.2013

GNR 22/1 RIKSTAD - SØKNAD OM DISPENSASJON - FLYTEBRYGGJE - KORT OPPSUMMERING ETTER MØTE 22.10.2013

Tilstade på møtet:


Helge Rikstad, tiltakshavar

Hogne Askeland, byggjesak og Kjersti Flatråker, plan, Radøy kommune

Møtet kom i stand etter at søknad om flytebryggje var utsatt i politisk møte. Politikerane ynskjer meir opplysningar i saka før dei gjer vedtak.

Helge Rikstad kunne fortelje følgjande:

- **Piren** vart bygt av Rikstad sin oldefar som var fiskar, antakeleg ca år 1900. Isen og sjøen som står hardt på, har teke piren og den er gjennom åra rehabilitert. Det vart støypt toppdekke samtidig med bygging av naust.
- **Flytebryggje** på foto frå 80-talet vart teke vekk før år 2000. Denne vart lagt ut av eit syskenborn ein gong på 70-talet. Han nytta denne i samband med utøving av næring. Ny flytebryggje er tenkt å tas på land om vinteren.
- **Veg** til slåtteteigane ved sjøen vart etablert på 1939-talet i utgangspunktet til bruk for hest i landbruksdrifta. Denne vart oppgradert då garden fekk traktor på 1950-talet. Siste vegbit frå hytta og ned til sjøen var etablert midt på 1980-talet. Arbeid med vegen har i følgje Helge Rikstad ikkje meført terrenginngrep. Asfalt vart lagt på før år 2000.
- **Hytte** (gnr 22 bnr 51) var bygd på i 1983 og teken i bruk i 1985. Hytta har parkering ved hovudveg og gangrett til eigedomen øve gnr 22 bnr 1. No nyttar eigarane vegen ned og parkerer på eiga tomt.
- **Naust** vart søkt om og godkjent i kommunen i år 2006. Dette er skutt ned ca 50 cm og areala rundt vart jamna ut og asfaltert saman med vegen.
- **Grøn boks i kartet** nord for etablert naust syner at det er lagt inn eit omsøkt tiltak (naustet) og at det ikkje er endra til ferdigstilt bygg og fått sin endelege, faktiske, plassering. Det kan sjå ut som om naustet ikkje har ferdigattest.
- **Areal rundt naustet** vart grusa og asfaltert i samband med bygging av naustet.
- **Campingvogn** står midlertidig plassert her om sumaren og på Voss om vinteren. Det er laga platting som skal fjernast. Campingvogna skal plasserast i tunet på garden.



Vidare saksgang:

Helge Rikstad må sende inn stadfesting på om opplysningane i dette brevet er korrekte. Om det er fleire moment som kommunen ikkje har fått med ber me om at de og skriv dei ned.

Søknaden må oppdaterast med at det og vert søkt dispensasjon for vegen ned til sjøen. Me minner om at dispensasjonssøknaden må vere grunngjeve etter § 19-1. Forna søknad må varslast naboane sidan vegen er eit nytt moment.

Ein forna dispensasjonssøknad vert sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland før saka vert teken opp att til politisk handsaming i kommunen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar plan, oppmåling og byggesak/ Jur. rådgj.

Kjersti Flatråker
Rådgjevar plan

Vedlegg: 2 stk foto frå Helge Rikstad